



Vest politidistrikt Bergen  
v/Politimeister Kaare Songstad  
Postboks 285 Sentrum  
5804 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2862 - 17/7932

Saksbehandlar:  
Astrid Aarhus Byrknes  
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:  
10.03.2017

## Politireform og geografisk driftseinig i Nordhordland

Syner til den pågående politireforma og prosessane rundt ny struktur av tenestestad, tenesteeining og geografisk driftseining. I november 2016 leverte kommunestyret i Lindås kommune ein politisk høyningsuttale til politimeisteren i Hordaland, der kommunen støttar forslaget om å etablere Nordhordland som ei tenesteeining med to tenestestader. I tillegg meinte Lindås kommune at Nordhordland som region bør vere ei eiga geografisk driftseining, slik alternativ 2 frå høyringa til politimeisteren legg opp til.

Lindås kommune, ved formannskapet, ønskjer med dette brevet å presisere kor viktig det er at Nordhordland blir ei eiga geografisk driftseining, og der regionen har leiari for den geografiske driftseininga. I forslaget frå politimeisteren, som var på høyring hausten 2016, var det lagt fram to alternativ for Nordhordland. I det eine alternativet blei det føreslått at Nordhordland skal vere ein del av ei geografiske driftseining saman Voss og Eidfjord. I det andre alternativet er Nordhordland lagt inn som eiga geografisk driftseining.

Om politimeisteren vel å ha ei geografisk driftseining saman med Voss og Eidfjord, er det viktig at Nordhordland og Knarvik får leiinga for denne driftseininga. Bakgrunnen for dette er at Nordhordland er stort geografisk område som går frå Solund i nord til Nordhordlandsbrua. Dette er eit område med ei lang og utsett kystline, og med hamnetrafikk og industri med stort risikopotensiale. Området dekkjer 9 kommunar med mykje fjord og fjell med ulykkesbelasta og rasutsette vegar. Lindås kommune meiner at kompleksiteten i risiko og beredskap i Nordhordland bør kvalifisere til at området blir ei eiga geografisk driftseining, med ei eiga leiing som har styring på ressursane knytt til beredskap. Lindås kommune meiner i utgangspunktet at ei felles geografisk driftseining saman med Voss og Eidfjord ikkje vil vere føremålstenleg. Det betyr ei geografisk driftseining frå Solund til Eidfjord, som vil vere særslig utfordrande å handtere, både knytt til geografi, ressursar og beredskap.

Oppsummert: Lindås kommune ber politimeisteren prioritere Nordhordland som eiga geografisk driftseining. Blir det ei geografisk driftseining saman med Voss og Eidfjord, er det særslig viktig at regionen og Knarvik får leiinga for denne driftseininga.

På vegne av formannskapet i Lindås kommune

Med helsing



# Astrid Aarhus Byrknes ordførar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Hogne Haugsdal

## Mottakarar:

## Vest politidistrikt Bergen

Postboks 285  
Sentrum

5804

BERGEN